

# PLAN MOT MOBBING – GRUNNSKULANE I MIDSUND KOMMUNE

Perioden 2004-2008

## MÅL;

Ingen skal gå åleine, eller trenge å vere redd for fysisk eller psykisk mobbing frå nokon i skulemiljøet eller på skulevegen.

## FØREBYGGING:

### Personalet:

- Gjennomføre elevsamtalar/ trivselsundersøking haust og vår
- Vere gode rollemodellar
- Praktisere reglane likt
- Arbeide med ”steg for steg” eller tilsvarende materiell
- Dobbeltvakt i friminutta så alle blir ”sett”
- Tverrfagleg prosjektarbeid haust og vår
- Organisere og gje tid til fadderordning

### Foreldra:

- Ha det oppe som tema på foreldremøta
- Positiv vinkla kontakt med skulen
- Snakke med borna, jfr ”Steg for steg” og ”Stopp-regelen”
- Vere gode rollemodellar
- Vere med på klassesiltak for å betre klassemiljøet

## TILTAK:

### Elevane:

- Innføring av ”Stopp-reglar;
- Når nokon gjer noko mot meg som eg ikkje likar, skal eg lære meg til å seie ”Stopp!”
- Eg skal lære meg å seie ”Stopp!” når andre blir plaga
- Eg skal lære meg å respektere at andre seier ”Stopp!”
- Om eg ser eller opplever mobbing, seier eg straks frå til vakta

### Personalet:

- Klassestyrar etterspør jamleg situasjonar der ”Stopp”-reglane har vore i bruk, med størst vekt på positive opplevingar
- Vakta melder straks mobbeepisodar til klassestyrar for oppfølging
- Klassestyrar(ane) snakkar med begge partar, ein for ein
- Klassestyrar inngår avtalar med partane, og har tett oppfølging vidare
- Iverksetjing av tiltak etter ein opptrappingsplan/ liste.
- Rektor og foreldra til begge partar skal bli informert.
- Medelevar/ klassen er ofte medløparar i mobbesituasjonar og dette må difor følgjast opp i klassesamanheng, og det må jobbast med klassesiltak for å betre klassemiljøet.